

## **STYRESAK**

**GÅR TIL:** Styremedlemmer

**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 09.11.2016

**SAKSHANDSAMAR:** Hans K. Stenby

**SAKA GJELD:** **Samarbeidsorgan mellom Helse Vest RHF og utdanningsinstitusjonane**

**ARKIVSAK:** 2014/1272

**STYRESAK:** 137/16

**STYREMØTE:** 07.12. 2016

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Med bakgrunn i revidert instruks til styret i Helse Vest om samarbeidet med universitet og høgskular fattar styret følgjande vedtak om samarbeidsorgan:

1. Det blir oppretta to samarbeidsorgan, eit om forsking og innovasjon og eit om utdanning.
2. Universitet og høgskular deltek i begge organa som får følgjande samansetning:

Samarbeidsorgan for forsking og innovasjon:

- 5 frå Helse Vest RHF/helseføretaka
- 5 frå utdanningsinstitusjonane fordelt med 3 frå UiB, 1 frå høgskulane og 1 frå UiS

Samarbeidsorgan for utdanning:

- 6 frå Helse Vest RHF og helseføretaka, samt dei private ideelle
- 6 frå utdanningsinstitusjonane fordelt med 2 frå UiB, 2 frå høgskulane og 2 frå UiS

3. Dei nye samarbeidsorgana blir etablert frå 01.04.17.
4. Det blir etablert eit felles sekretariat for samarbeidsorgana i Helse Vest.

## Oppsummering

Helse Vest har i dag to samarbeidsorgan med utdanningsinstitusjonane i regionen. Det er eit samarbeidsorgan med de to universiteta og eit med høgskulane (inkludert Universitet i Stavanger som sitt i begge organa).

Samarbeidsorganet med universiteta har hatt stor vekt på forsking og fordeling av forskingsmidlar. Samarbeidsorganet med høgskulane har jobba med å fremme helsefagleg forsking men mest behandla saker knytt til utdanning og praksisopplæring.

Dagens organisering inneber eit skilje mellom medisin og anna helsefag og eit skilje mellom utdanningstype, universitet eller høgskule.

Med bakgrunn i revidert instruks til styret i Helse Vest om samarbeidet med universitet og høgskular blir det her gjort ein ny vurdering av korleis samarbeidet med utdanningsinstitusjonane bør organiserast.

Det blir vurdert om det bør vere eit eller to samarbeidsorgan og korleis samansetting bør vere.

Organiseringa bør ikkje lenger ta utgangspunkt i utdanningstype (universitet eller høgskule) eller eit skilje mellom medisin og anna helsefag.

Ei løysing kan då vere eit felles samarbeidsorgan med oppgåver knytt til både forsking og utdanning kor universiteta og høgskulane deltek. Alternativt kan det fortsatt vere to samarbeidsorgan, eit for forsking og innovasjon og eit for utdanning men kor universiteta og høgskulane deltek i begge.

Det blir her tilrådd etablert to samarbeidsorgan, eit for forsking og innovasjon og eit for utdanning men kor universiteta og høgskulane deltek i begge.

## Fakta

I føretaksmøte 24. mai 2013 blei ny instruks til styret for Helse Vest RHF om samarbeidet med universitet og høgskular vedtatt (sjå vedlegg 1). Instruksen avløyste tilsvarande instruks.

Den nye instruksen er ei vidareføring av tidlegare instruks men med nokre endringar.

Formålet med instruksen er å sikre samarbeidet mellom Helse Vest RHF og universitet og høgskular på område av felles interesse, bl.a. ved inngåing av rammeavtaler på RHF-nivå og særskilte avtaler på HF-nivå. Instruksen regulerer også samarbeidsorgan mellom det regionale helseføretaket og utdanningsinstitusjonane.

Instruksen opna for at dagens ordning kunne vidareførast. Det var samstundes grunnlag for å gjere ei ny vurdering. Helse Vest sette såleis våren 2015 ned ei arbeidsgruppe for å få innspel i vurderinga av korleis samarbeidet med utdanningsinstitusjonane kunne organiserast framover.

Dels parallelt og i etterkant av dette arbeidet har det skjedd store endringar i talet på høgskular i regionen. Dei private høgskulane gått saman i VID, vitenskapelige høgskole, som er nasjonal, og Høgskolen Stord/Haugesund, Høgskolen i Bergen og Høgskulen i Sogn og Fjordane vil bli ein høgskule frå 01.01.17, Høgskulen på Vestlandet.

## Kommentarar

### Mandat for arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa fikk følgjande mandat:

Det heiter i den nye instruksen pkt. 5 om samarbeidsorgan:

Helse Vest RHF skal i samarbeid med universiteta og høgskulane i helseregionen opprette samarbeidsorgan. Samarbeidsorgana skal behandle saker om forsking, innovasjon og utdanning og styrke forholdet mellom disse.

Helseregion Vest opprettar eit eller to samarbeidsorgan. Ved oppretting av to samarbeidsorgan skal det veljast ein av to modeller:

Eit samarbeidsorgan med universiteta (om forsking, utdanning og innovasjon) og eit med høgskulane (om forsking, utdanning og innovasjon) eller

Eit om forsking og innovasjon og eit om utdanning (med universiteta og høgskulane representert i begge)

Det er på denne bakgrunn mulig å sjå for seg 4 modeller:

- to samarbeidsorgan (som i dag) - eit med universiteta og eit med høgskulane/UiS (repr. ibegge)
- to samarbeidsorgan - eit om forsking og innovasjon og eit om utdanning - der universitet og høgskular er representert i begge
- eit samarbeidsorgan om forsking, utdanning og innovasjon kor både universitet og høgskular er representert
- eit samarbeidsorgan med to underorgan for høvesvis forsking og innovasjon og utdanning

Arbeidsgruppa blei bedt om å gi ein vurdering av fordeler og ulemper med følgjande modeller:

1. vidareføring av ordning med to samarbeidsorgan basert på

- institusjonstype/utdanningstype (universitet og høgskule/medisin og andre helsefag)
2. eit samarbeidsorgan uavhengig av institusjonstype/utdanningstype
  3. to samarbeidsorgan uavhengig av institusjonstype/utdanningstype men med temadeling  
forskning og innovasjon og utdanning
  4. eit samarbeidsorgan med to temabaserte underorgan (en kombinasjon av modell 2 og 3)

Arbeidsgruppa blei også bedt om gi tilråding om val av modell.

## **Arbeidsgruppa sin samansetting**

Arbeidsgruppa har hatt følgjande samansetting:

- Alf Henrik Andreassen, Helse Bergen
- Roald Omdal, Helse Stavanger
- Helga Stautland Onarheim, Helse Fonna
- Marit Solheim, Helse Førde
- Kari Vevatne, Universitetet i Stavanger
- Jarle Eid, Universitetet i Bergen
- Kristin Ravnanger, Høgskolen i Bergen
- Gunn Haraldseid, Høgskolen Stord/Haugesund
- Hans K. Stenby, Helse Vest RHF, leiar og Sølvi Lerfald, Regionalt kompetansesenter for klinisk forsking har bidrege i arbeidet.

## **Tilråding frå arbeidsgruppa**

### **1. Utdanningstype/institusjonstype:**

Det blei av fleirtalet ikkje vurdert å vere grunnlag for å skilje mellom utdanningstype og institusjonstype. Det betyr at modell 1 med to samarbeidsorgan som i dag ikkje blei sett som aktuell.

### **2. Medisin og helsefag:**

Det betyr også at fleirtalet ikkje såg noko grunnlag for å skilje mellom medisin/psykologi og andre helsefag.

Uavhengig av eit eller to samarbeidsorgan må universiteta og høgskulane vere representert i same organ.

### **3. Forsking, innovasjon og utdanning:**

Neste spørsmål var om emna som forsking, innovasjon og utdanning bør bli sett saman og behandlast i same organ eller i 2 temaorganiserte organ.

Ei løysing er her modell 2 - eit felles samarbeidsorgan.

Ein annan er modell 3 der utdanning og forsking blir skilt og behandla i to forskjellige organ.

Ei tredje løysing er en kombinert modell av 2 og 3 med eit felles organ med to underorgan for

høvesvis utdanning og forsking (modell 4).

Eit klart fleirtall i arbeidsgruppa meinte at saker knytt til forsking, innovasjon og utdanning bør behandlast i same organ. Den viktigaste grunngjevinga for det er det nære sambandet mellom forsking, innovasjon og utdanning.

Eit samarbeidsorgan blir såleis tilrådd av fleirtalet (modell 2). I en slik modell kan det vere 6 medlemmer frå universitets- og høgskulesektoren og 6 medlemmer frå Helse Vest. Observatørar utan stemmerett kan komme i tillegg, og ved behov kan personer med spesial kunnskap kallast inn.

Ein representant er open for ein todeling uavhengig av institusjonstype med temadeling mellom forsking og innovasjon og utdanning (modell 3 og 4).

Ein representant ønska å vidareføre dagens modell (modell 1).

### **Høyring i helseføretaka og utdanningsinstitusjonane**

Forslaget frå arbeidsgruppa blei sendt helseføretaka og utdanningsinstitusjonane til høyring.

Tre av helseføretaka, Helse Førde, Helse Fonna og Helse Stavanger, tilrår eit samarbeidsorgan.

Helse Bergen tilrår at:

- det blir etablert to samarbeidsorgan, eit for forsking og eit for utdanning
- både høgskular og universitet skal vere representert i begge, men med ulikt styrkeforhold for å kunne ta i vare oppgåvene innan forsking, innovasjon og utdanning

Alle utdanningsinstitusjonane med unnatak av Universitetet i Bergen var klare på at dei ønskjer eit samarbeidsorgan.

UiB tilrår to samarbeidsorgan, eit for forsking og eit for utdanning. Representasjonen i organa må avspegle aktiviteten i dei ulike institusjonane. Det blir tilrådd lik representasjon mellom universitet og høgskular i samarbeidsorganet om utdanning mens universiteta må vere tungt representert i samarbeidsorganet for forsking.

Alternativt vil UiB støtte ei vidareføring av dagens ordning.

### **Vurdering**

Helse Bergen og Universitetet i Bergen har over lang tid vore dei tyngste forskingsinstitusjonane. Det avspeglar seg også i samansetting av samarbeidsorganet med universiteta. Etter kvart blei også Universitetet i Stavanger og alle helseføretaka representert. Høgskulane og andre har fått observatørstatus.

Med utviklinga innan universitet og høgskulesektoren, fleire universitet og samanslåingar på tvers av institusjonstypar, verkar det ikkje lenger rimeleg å bruke skilje mellom institusjonstypar som grunnlag for inndeling i samarbeidsorgan.

Forskningsfeltet er vidt og spenner frå basalforskning til klinisk pasientnær forsking og til helsetenesteforskning. Helse Vest sine forskingsmidlar er mest retta mot klinisk og translasjons forsking (Forsking som kombinerer basale studiar og klinisk forsking: Ein prøver å finne ut korleis det går med pasienten, men bruker basalfag for å avdekke mekanismar og årsakar til det ein kan observere på klinisk nivå).

Ei heilskapleg tilnærming til helse, helsetenester og tilhøyrande klinisk forsking gjer det også mindre tenleg å skilje mellom medisin/psykologi og andre helsefag.

Dersom ei slik forståing blir lagt til grunn bør det også få konsekvens for korleis samarbeidet med utdanningsinstitusjonane blir organisert.

Dei aktuelle alternativa er då eit samla samarbeidsorgan, eventuelt med to underorgan for høvesvis forsking, innovasjon og utdanning, eller eit organ for forsking og innovasjon og eit for utdanning der både universiteta og høgskulane er representert i begge.

Det er prinsipielt viktig å sjå forsking og utdanning i saman. Praktisk kan det likevel vere problematisk å dekke alle områda i eit organ utan at det blir for stort. Etter samanslåing av fleire av høgskulane, er det også nyttig med ei betre samordning på regionalt nivå mellom helseføretak og universitet/høgskuler. Dette gjeld både innhaldet i utdanningane og den praktiske gjennomføringa. Det er også behov for å løfte fram HF-a sine behov for at den utdanninga studentane får, er tilpassa den verkelegheit dei møter etter avslutta utdanning.

Ei løysing kan såleis vere å opprette to samarbeidsorgan, eit for forsking og innovasjon og eit for utdanning kor både universitet og høgskular er representert.

Ei løysing med eit samarbeidsorgan med 12 faste medlemmar kan ha:

- 6 frå Helse Vest RHF/helseføretaka
- 6 frå utdanningsinstitusjonane (4 frå UiB, 1 frå UiS og 1 frå høgskulane)

Ei løysing med to samarbeidsorgan med 10 og 12 faste medlemmar kan sjå slik ut:

Samarbeidsorgan for forsking og innovasjon:

- 5 frå Helse Vest RHF/helseføretaka
- 5 frå utdanningsinstitusjonane fordelt med 3 frå UiB, 1 frå UiS og 1 frå høgskulane

Samarbeidsorgan for utdanning:

- 6 frå Helse Vest RHF og helseføretaka, samt dei private ideelle
- 6 frå utdanningsinstitusjonane fordelt med 2 frå UiB , 2 frå UiS og 2 frå høgskulane

## Konklusjon

Eit samarbeidsorgan vil legge best til rette for å styrke forholdet mellom forsking, innovasjon og utdanning.

Det er samstundes utfordrande å sikre god kompetanse på både forsking, innovasjon og utdanning innan eit organ med 12 medlemmer. Det kan løysast ved å auke talet på deltagarar. Men med observatørar vil då organet bli svært stort.

Det vert på denne bakgrunn tilrådd etablert 2 samarbeidsorgan, eit for forsking og innovasjon og eit for utdanning.

Det vil sikre at samarbeidsorgana vert sett saman av personar med rett kompetanse, at samarbeidsorgana ikkje vert for store og at ein gjennom dette sikrar tilstrekkeleg fokus på både forsking, innovasjon og utdanning for å kunne tilby framtidsretta og trygge helsetenester.

Med ei slik løysing er det særskilt viktig med nært samarbeid mellom organa slik at forsking, innovasjon og utdanning blir sett saman. Det vert difor tilrådd at dei to samarbeidsorgana årleg arrangerer eit felles møte med spørsmål om korleis forholdet mellom forsking, innovasjon og utdanning kan styrkast.

Ein viktig føresetnad vil her også vere at dei to samarbeidsorgana har felles sekretariat.

Begge organa skal ha likt antal representantar frå RHF-et og helseføretaka og representantar frå universitets- og høgskulesektoren, men med ulik representasjon med utgangspunkt i det totale omfanget av forskings- og utdanningsoppgåver.

Det blir tilrådd at nye samarbeidsorgan er på plass frå 01.04.17.

På bakgrunn av denne saka og endringane i talet på høgskular i regionen må også rammeavtalane mellom Helse Vest og utdanningsinstitusjonane i regionen reviderast.